

Innhold

1. Modell for struktur og organisering for bil – og b�atambulansetenesta.....	4
2. Simulering og scenariotesting av ulike l�ysingar i bilambulansetenesta.....	4
3. Framgangsm�ate.....	5
4. Organisering av modellarbeid.....	6
5. Steg 1: Definere omfang p� simuleringsmodell	6
5.1 Utdr�ringa som skal belyst.....	7
5.2 Kontekst	7
5.3 Inkludert i modell	7
5.4 Ekskludert fr� modell.....	8
6. Steg 2: Datainnsamling og analyse	9
6.1 Dagens situasjon (nullalternativet)	9
6.2 Prosess i simuleringsmodellen	9
6.3 Komponentar som modellen byggast p�	10
6.3.1 Ambulanseoppdrag	11
6.3.2 Bilambulansar	11
6.3.3 Bemanning og kompetanse	12
6.3.4 Pasientreiser og kvite bilar	12
6.3.5 Fysiske tilh�ve	13
6.3.6 Teknologi	13
6.3.7 Samhandling.....	13
6.3.8 Kvantitativ informasjon som er nytta i simuleringsmodellen.....	13
6.3.9 Kvalitativ informasjon som er nytta i modell.....	13
7. Steg 3: Simulering	14
7.1 Resultat / verifisering av modell.....	16
8. Steg 4: Scenarier som illustrerer konsekvens av endringar i organisering og kapasitet.....	17
8.1 Nullalternativet(scenario 1): Framtidig situasjon utan endring i kapasitet	17
8.2 Framskriving av folketal og oppdragsvolum fr� 2018 til 2040.....	19
8.3 Tilr�dd modell.....	21
8.3.1 Kompenserande tiltak.....	21
8.3.2 Redusert kapasitetstilgang.....	29
8.4 Aktivitetstilpassa beredskap	37
8.4.1 Aktivitetstilpassa beredskap i Sogndal	38

8.4.2 Resultat Aktivitetstilpassa beredskap i F�rde.....	39
8.4.3 Resultat Aktivitetstilpassa beredskap i Flora	39
8.5 Responstid i Stryn n�r Hornindal flyttast til Helse M�re og Romsdal	40
8.6 Samla analyser av resultat av tilr�dd modell(scenarie 7) for heile fylket.	41
9. Vedlegg	44
9.1 Data til simuleringsmodell	44

1. Modell for struktur og organisering for bil – og båtambulansetenesta

Dagens modell er beskrevet i fase 1-sluttrapporten. I denne rapporten vil det som er relevant for simuleringmodellen omtalast. For nokre områder er supplerande informasjon henta inn og nye vurderingar og analysar har blitt diskutert og gjennomført.


2. Simulering og scenariotesting av ulike løysingar i bilambulansetenesta

Simulering tyder å lage ein modell som gjenskaper ei eller fleire observerte utfordringar, for så å teste ut ulike løysingar som forbetrar utfordringa(ne). Ein god modell må på ein tilfredsstillande måte kunne gjenskape det ein har observert i den verkelege verda. For å teste om dette er tilfelle, må ein samanlikne resultat frå modellen med historiske data.


Når modellen er tilstrekkeleg verifisert, - det vil seie evnar å gjenskape den / dei utfordringa(ne) ein ynskjer å analysere vidare, vil ein teste ut ei rekkje scenarier. Scenaria er ulike løysingar ein ønsker å teste ut og samanlikne. Dette gjerast ved å sjå på og samanlikne ulike måltal som er definerte i modellen.

Prosjektgruppa i Prehospital plan vil definere kva som er det mest ønskelege resultatet av dei ulike måltala, og vidare tilråde den mest hensiktsmessige framtidige organiseringa og løysinga for bilambulansetenesta i Helse Førde HF.

Nedanfor illustrerast kva som meinast med ein simuleringmodell.




Figur 1: Skisse som viser kva som meinast med ein simuleringsmodell



Figur 2: Ein simuleringsmodell består av data og logikk

3. Framgangsmåte

Metodikken som nyttast når ein skal bygge ein simuleringsmodell, delast i fem steg. Dette er illustrert i figuren nedanfor. Sirkelen mellom stega «Datainnsamling og analyse» og «scenario-testing» er meint å illustrere at dette er ein iterativ prosess, der ein gjerne går fram og tilbake fleire gonger før ein har fått ønska resultat. Dette til forskjell frå andre tradisjonelle metodikkar der ein gjennomfører eit steg av gongen.




Figur 3: Metodikk for simulering

4. Organisering av modellarbeid

I prosjektet har ei modellgruppe arbeidd kontinuerleg med modellarbeidet. Alle medlemmer i prosjektgruppa fekk i innleiinga av fase 2 invitasjon til å delta i underliggjande arbeidsgrupper, ingen responderte med ønske om dette. Arbeidsbelastning ut over å delta i prosjektgruppemøtene ble signalisert å vere lite realistisk. Det var semje om at arbeidet i arbeidsgruppene skulle presenterast i prosjektgruppemøta. Gjennom dette kunne ein sikre tilstrekkeleg med innspel og involvering frå heile gruppa.

Figuren nedanfor viser representantane i modellgruppa, samt rolle i prosjektet.



Figur 4: Organisering av modellarbeidet

5. Steg 1: Definere omfang på simuleringsmodell

I steg 1 definerast omfanget av simuleringsmodellen. Med dette meinast å definere utfordringa(ne) ein forsøker å løyse, samt å omtale kva løysingane kan vere (scenarier). Det er også viktig å beskrive kva som har leia fram til dei utfordringane ein ønsker å løyse (i den grad dette er kjent). I omfanget må ein også definere kva som skal inkluderast og ekskluderast frå simuleringsmodellen, slik at ein ikkje endar opp med feil fokus og for mykje detaljar på mindre viktige / irrelevante områder for det som faktisk er utfordringa og det ein faktisk forsøker å forbetre.

5.1 Utfordringa som skal belyst

Utfordringa modellen skal belyse er noverande og framtidig organisering og struktur for bil – og båtambulansetenesta, inklusive driftsmodell. Det er per i dag ikkje samsvar mellom den økonomiske ramma (innanfor myndigheitskrav) og forventningane mellom Helse Førde HF og folkesetnaden elles. Modellen skal beskrive eit tenestetilbod som er tilpassa notid og framtid basert på endra folkesetnad, alderssamansetting og bør tilfredsstille krava innanfor den økonomiske ramma så langt det let seg gjere.

5.2 Kontekst

Utviklingstrekk har vist at ambulansetenester fleire stader i landet er eit kompensierende tiltak for anten nedlegging av lokalsjukehus eller sentralisering av sjukehusfunksjonar. Tilsvarende har skjedd innanfor legevakt. Desse trendane har og endra tenestene i Sogn og Fjordane. M.a. har det kome skjerpa krav til kompetanse og organisering. Krava som eksisterer i dag og nye krav som er varsla må dei enkelte aktørane ta innover seg. Dette gjeld og for dei prehospitala tenestene. Ikkje minst, må ein også tilpasse seg endringane ein ser i folkesetnaden, sjukdomsbilde, medisinsk-teknisk utstyr og nye behandlingsformer. Det er ulike prognosar for korleis folkesetnaden kjem til å endre seg i urbane og grisgrendte strøk.

5.3 Inkludert i modell

Tabellen nedanfor er ein oversikt over kva funksjonalitet som er inkludert i modellen. Med funksjonalitet meinast data, variablar tilhøve som er viktige for å bygge ein modell som representerer verkelegheita på ein tilfredsstillande måte. Det er imidlertid viktig å setje grenser for kva funksjonalitet som skal inkluderast i ein modell, ettersom ein modell skal:

1. vere ei forenkling av verkelegheita
2. representere ei gitt problemstilling der ein må inkludere det som er viktig for akkurat den problemstillinga og ikkje alt anna

Ein set altså grenser i modellen for å enklare kunne fokusere på det som er viktig, verdiskapande, og som *må* inkluderast for å gjenskape utfordringane ein ser på (med tilhøyrande løysingsforslag).

Funksjonalitet	Rasjonale
Grunnleggjande	
Tidshorisont for simulering til 2040	Skal vere i takt med føringane for Helse Førde sin utviklingsplan (2018-2035), og Helse Vest 2035
Infrastruktur	Noverande sjukehusstruktur og funksjonsfordeling
Sannsynsutrekningar for dagens bilambulanseaktivitet	Gjenskaper dagens aktivitet og estimerar framtidig behov: Sannsynleg oppdragsvolum for bilambulanse (basert på aktivitetstal for 2015-2018). Kvar oppdrag er også inkludert sannsynleg hentestad, primærtilstand, hastegrad, type oppdrag

Data og innsatsvariablar	
Oppdragsvolum i bilambulanstenesta (noverande og forventa i framtida)	I Sogn og Fjordane, samt til føretak i Bergen, Voss, Volda og Ålesund. Dette er kjerneverksemda til bilambulansetenesen
Alle ambulansestasjoner og ambulanserbilar	Definerer kapasiteten i dag. Dette er kjerneverksemda til bilambulansetenesen
Primær- sekundær og tertiærstasjon	Definerer korleis ein «fordeler» oppdrag mellom stasjonar. Dette er kjerneverksemda til bilambulansetenesen
«Turnus» for ambulansar (aktiv og passiv tid)	Definerer kva bilambulansar som er tilgjengelege på ulike tider av døgnet, veka og året. Dette styrer kjerneverksemda til bilambulansetenesen.
Kostnader for noverande og framtidig prehospital teneste	For å samanlikne ulike scenarier.
Scenarier / funksjonalitet	
Folketalsframskrivingar	Analyse av framskrivingar per kommune (2018-tal) og knyter dette opp til lokalsjukehusområde og «ambulansområde». Dette gjerast for å få ein modell som er representativ til å seie noko om framtida (behov for bilambulanseteneser)
Kapasitetstilgang	Analyse av endringar i kapasitet (sjå kapittel om scenarier for detaljar) på nokre stasjonar med noverande og forventa framtidig låg aktivitet.
Infrastruktur	Dagens infrastruktur er lagt til grunn. Det er fleire områder som er under arbeid, men som ein ikkje veit nok om konsekvensen av til å legge det inn som endringsvariablar i modellen. Dømer på dette er: <ul style="list-style-type: none"> • Legevaktsstruktur som er i endring gjennom legevaktspiloten som er under arbeid i Sogn og Fjordane. Ein har og ynskjer vidare tett og god samhandling, men ettersom ein ikkje veit korleis dette arbeidet vil påverke den prehospitala tenesta, kan ein heller ikkje legge nokre endringar til grunn i modellen. • Vegtilhøve er under arbeid i fylket, men det er ikkje lagt inn konsekvensar som auka opetid i vegnettet (ras sikring), kortare køyretid på enkeltstrekningar eller nye brusamband grunna mangelfullt underlag for å legge inn dette i modellen.
Intern samhandling	Omplassering av ambulanseressursar for å betre kapasitet der behova er størst er lagt inn som scenario i modellen.
Ekstern samhandling	Omdisponering av midlar gjennom bruk av kvite bilar er lagt inn som eige scenario i modellen.

5.4 Ekskludert frå modell

Funksjonalitet	Rasjonale
Data	
AMK og luftambulans	Vidareførast som i dag. Prosjektet har ingen føresetnader for å seie noko om korleis dette eventuelt vil endrast i framtida.
Båtambulans	Dei fleste oppdrag er også registrert på bilambulans
Reserveambulans og operativ bil	Lite volum gjer at dette er ekskludert frå modellen.
Oppdragsvolum (noverande og forventa i framtida)	Oppdrag til andre stader enn Sogn og Fjordane og dei store føretaka i tilgrensande fylker (Bergen, Voss, Volda, Ålesund) ettersom dette utgjør eit lite volum og unødige detaljar som ikkje er relevante for det store biletet
Gulen kommune og stasjon	Gulen vart overført til Bergen sitt nedslagsfelt i 2016
Scenarier /S funksjonalitet	
Flåtestyring	Det er ikkje eit mål at modellen skal nyttast til å flåtestyre bilambulansetenesa, og flåtestyring er difor ekskludert frå modellen
Kommunesamanslåing	Det er pt uavklart om det vil medføre endringar i folkesetnad / «behandlingsansvaret» til Helse Førde som følgje av endringar i kommunestrukturar (t.d. Hornindal til Volda).

Intern samhandling	Til dømes: kjappare overleveringstid i akuttmottak / sjukehus og klargjering av pasientar i klinikk eller betre rekvireringspraksis. Det er pt ikkje avklart kva konsekvensar endringar i dette arbeidet vil få, og dette er difor ekskludert frå modellen.
Ekstern samhandling	Til dømes: etablerte gjennom frivillige akutthjelparordningar (profesjonelle og mindre profesjonelle) vil ein auke nærleik og tryggleik. Utanfor prosjektet si ramme, anna enn at ein kan medverke til samhandling og setje slike ordningar i system
Teknologi	Det vil i framtida verte auka bruk av teknologi, herunder video, EPJ og blodprøver. Det er på det noverande tidspunkt ikkje avklart kva konsekvensar teknologi vil ha for den prehospitala tenesta, og dette er difor ikkje inkludert i modellen.

6. Steg 2: Datainnsamling og analyse

Datainnsamling og analyse er ein vesentleg del av det å bygge ein simuleringsmodell som representerer dagens situasjon (også kalla nullalternativet). For å gjenskape dette er det behov for både kvalitativ og kvantitativ informasjon. Kvantitativ informasjon samlast inn gjennom ulike tilgjengelege datakjelder, medan kvalitativ informasjon hentast inn ved å bruke kunnskapen til dei som kjenner bilambulansetenesta og dei utfordringane som eksisterer i dag.

Det er viktig å merke seg at det å kunne nytte nyttiggjere seg av kvalitativ informasjon som ei kjelde i simuleringsmodellen, og å omdanne informasjon om tenesta er ein av dei største fordelane ved å bruke simulering samanlikna med andre meir tradisjonelle analyseverky (som t.d. Excel).


6.1 Dagens situasjon (nullalternativet)

Nullalternativet gjensker noverande organisering, kapasitet / bemanning, kompetanse, oppdragsmengde og infrastruktur. For å få til dette, må ein forstå og klare å gjenskape følgande:

- **Prosess:** definisjon av kva prosess som skal modellerast og korleis denne ser ut
- **Komponentar:** definisjon av komponentar ein bygger modellen på
- **Samanhengar:** definisjon av korleis komponentane i dei prehospitala tenestene heng saman

6.2 Prosess i simuleringsmodellen


Dette skal representere prosessen for bilambulansoppdrag i Helse Førde HF. I figuren nedanfor er det illustrert korleis denne prosessen skal fungere i samarbeid med kommunal legevakt. I modellen er ikkje alle steg gjensker i same detaljgrad ettersom dette ikkje er relevant for modellformålet. Hovudstega i prosessen er imidlertid å kjenne att i modellen.



Figur 5: Oversikt over aktørar, roller og oppgåver i den akuttmedisinske kjeda. Kjelde: basert på «Delavtale, samarbeid om den akuttmedisinske kjeda»

6.3 Komponentar som modellen byggast på

Med komponentar meiner vi alle dei delane som til saman utgjer funksjonaliteten i ein simuleringmodell. Dette kan vere data som er input til modellen, logikk som er vurderingar ein har gjort som skal representere / gjenskape noko, eller måleparametrar som ser på resultat i modellen. Skissa nedanfor viser kva som er komponentane i simuleringmodellen.



Figur 6: Oversikt over komponentar i simuleringmodellen

6.3.1 Ambulanseoppdrag

Oppdragsvolum, eller etterspørsel etter bilambulansenester, er den grunnleggjande drivaren i den prehospitala tenesta. I modellen er dette også den grunnleggjande funksjonaliteten. Her er det viktig å få med sesongvariasjonar, døgnvariasjonar og øvrige trendar ein ser i bilambulanseoppdrag i løpet av eit år, og det er nytta ulike statistikkar og sannsynsfordelingar for å gjenskape dette.

Korleis er dette representert i modellen: Statistikk som viser: oppdragsmengde per time på døgnet, per vekedag og per måned i kombinasjon, definerer *kva tid* og *kvar* eit oppdrag faktisk vil inntreffe.

Korleis målast dette i modellen:

- Oppdrag per år: volum og lokasjon
- Kvart oppdrag har blir generert inn i modellen, og har følgande informasjon med: hastegrad, hentestad, leveringsstad, transporttype, primærtilstand / diagnose, responstid (basert på hastegrad og lokasjon), «pasient-tid» responstid (basert på oppdragstid og lokasjon), og oppdragstid (basert på lokasjon)

6.3.2 Bilambulansar

Den samla tilgjengelege kapasiteten på bilambulansar i Sogn og Fjordane endrar seg over døgn og veke basert på ein «turnus-plan». Det er på dei mest hektiske periodane (dagtid, vekedag) 29 ambulanseressursar på aktivt på vakt, og på dei rolegare periodane (natt og helg) 20 ambulanseressursar aktivt på vakt (Ein oversikt visast i vedlegg [Data til simuleringsmodell](#): *Figur 23: Oversikt over kapasitet på ambulansestasjonar*, *Figur 24: Oversikt ambulansestasjonar per kommune i Sogn og Fjordane* og *Figur 25: Oversikt aktiv og passiv tid alle ambulanseressursar*).

Alle ambulansestasjonane er fysisk lokalisert i Sogn og Fjordane, og fungerer som primærstasjon, sekundærstasjon (eller tertiærstasjon) til alle kommunane i fylket. Årsaka til at ein har definert sekundær- (og tertiærstasjonar) til alle kommunane, er at andre stasjonar enn primærstasjonen skal ta eit oppdrag dersom primærstasjonen ikkje har ledig kapasitet.

Korleis er dette representert i modellen: I simuleringsmodellen angjev ein aktiv og passiv tid for alle ambulansane, og dette styrast av «simuleringstida»¹ i modellen.

Dersom det er behov for eit ambulanseoppdrag, vil algoritmar i modellen sjekke om det er ledig ambulanseressurs på det som er primærstasjonen til kommunen der det er behov for eit oppdrag. Dersom dette er tilfelle, vil ein allokere ein tilfeldig ledig ambulanseressurs frå primærstasjonen. Dersom det imidlertid ikkje er ledig kapasitet på primærstasjonen, vil ein ny algoritme sjekke om sekundærstasjonen har ledig ambulanseressurs. Ved ledig kapasitet her, vil ein allokere ein tilfeldig ledig ambulanseressurs. Dersom det ikkje er ledig kapasitet heller her, vil ein sjekke tertiærstasjonen for dei kommunane der ein har eit tredjeval. Dersom ingen stasjonar som kan ta eit oppdrag har ledig kapasitet, vil ein registrere desse i ei kø og dei vil få førsteprioritet ved første ledige og hensiktsmessige ambulanseressurs.

¹ I ein modell vil ein simulere ei problemstilling over eit angjeve tidsrom (i dette tilfellet perioden 2018 til 2040), og «simuleringstida» er såleis definert som dette tidsrommet.

Unntak frå dette:

- Dagbilar er «prioriterte» ved oppdrag på dagtid, for å tilstrebe at dei tilsette på dagbilane får nok relevant erfaring

Korleis målast dette i modellen:

- Ambulansar som har aktiv / passiv tid til ein kvar tid på døgn / veke
- Alle ambulansar er anten på oppdrag eller ledige på stasjonen innanfor aktiv vakttid
- Modellen registrerer kor mange gonger ein nyttar sekundær- eller tertiærstasjon
- Modellen registrerer kø av oppdrag som har behov for ambulanseressurs, men der verken primær-, sekundær- (eller tertiærstasjon) har ledig kapasitet
- Modellen registrerer samtidskonfliktar. Dette er definert som bruk av sekundærstasjon på akutte oppdrag utan ledig primærressurs der det er meir enn 25 minutt til næraste første ledige ambulanse er på plass
- Kostnad per type ambulanseressurs (inklusive bemanningskostnad)

6.3.3 Bemanning og kompetanse

Arbeidstidsordningar premissgjevande for modellen ettersom det styrer når ein har tilgjengeleg ambulanspersonale på aktiv (eller passiv vakt). Ein oversikt visast i vedlegg [Data til simuleringsmodell](#): Figur 25: Oversikt aktiv og passiv tid alle ambulanseressursar.

Korleis er dette representert i modellen: 2 x ambulanspersonell per ambulansebil.

Korleis målast dette i modellen:

- Timar på oppdrag
- Timar brukt til «pasient-tid»
- Kostnad per type ambulanseressurs (inklusive bemanningskostnad)

For øvrig er bemanning og kompetanse greia ut i større detaljgrad i planen sine [kapittel 4](#) og [kapittel 5](#).

6.3.4 Pasientreiser og kvite bilar

Dette er eit supplement til bilambulansetenesta. Det ein forsøker å identifisere er eit underlag / oppdragsvolum som kan handterast av denne løysinga i staden for å legge beslag på ambulanseressursar. Dette vert særst viktig i framtida då ein ikkje har tilstrekkeleg ambulanseressursar til å handtere eit aukande volum av pasientar.

Korleis er dette representert i modellen: Modellen tek høgde for dette gjennom å teste scenarier med ein utvald populasjon av pasientar som kan vere aktuelle for denne løysinga. Dette er beskrive i meir detalj under kapittel 8.3.

6.3.5 Fysiske tilhøve

Veg og infrastruktur er dømer på fysiske tilhøve som set avgrensingar på t.d. køyretid mellom to lokasjonar.

Korleis er dette representert i modellen: Modellen tek høgde for dette gjennom køyretid per oppdrag der denne ikkje skal vere mindre enn minimumsreisetida mellom hendelsesstad og ambulansestasjon.

6.3.6 Teknologi

Teknologi er greia ut i planen sitt kapittel 2.

6.3.7 Samhandling

Det er to store områder som utgreiast i detalj i denne prosjektfasen: 1) Samhandling internt i føretaket og 2) Samhandling eksternt mellom Helse Førde og kommunane (med andre). Det er ikkje lagt inn nokon endringar på desse områda i modellen, ettersom utfallet ikkje er avklart. Kvart av områda er førøvrig greia ut i større detaljgrad i planen sine kapittel 5 og kapittel 6.

6.3.8 Kvantitativ informasjon som er nytta i simuleringmodellen

Dette er ein oversikt over dei viktigaste datapunkta og kjeldene som er nytta i simuleringmodellen.

Data	Rasjonale / bruk	Kjelde
Driftsdata for perioden 2015-2018	For å identifisere noverande bilambulanseaktivitet i Helse Førde HF, og å klare å gjenskape dagens aktivitet (og utfordringar) i ein simuleringmodell. Data som er nytta til å gjenskape dagens aktivitet er gjeve i vedlegg.	Blikkund
AMIS-data for perioden 2015-2018	For å identifisere historisk aldersfordeling i bilambulanseoppdrag, og for å kunne knyte folkeauke og alderssamansetnad til SSB sine framtidsprogosar.	AMIS
Folkeauke frå 2018 til 2040	For å identifisere endringar i folkesetnad, alderssamansetnad frå no til 2040. Vidare er dette viktig informasjon i kombinasjon med endring i oppdragsmengde og karakter på oppdrag når folkesetnad endrar volum og karakter.	SSB
Kapasitet på ambulansestasjonar	For å definere kapasiteten i dag. Dette er kjerneverksemd til bilambulansetenesen	Amulansetenesta, Leif Otto Halland
Oversikt aktiv og passiv tid («ambulanseturnus»)	Definerer kva bilambulansar som er tilgjengelege på ulike tider av døgnet, veka og året. Dette styrer kjerneverksemd til bilambulansetenesen.	Amulansetenesta, Leif Otto Halland

6.3.9 Kvalitativ informasjon som er nytta i modell

Dette er ein oversikt over den viktigaste funksjonaliteten som er nytta i simuleringmodellen.



Data	Rasjonale / bruk	Kjelde
Primær-, sekundær og tertiær-stasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Oversikta definerer ambulansestasjonar er primær-, sekundær- eller evt. tertiærstasjon for kommunane i Sogn og Fjordane. • Regel for korleis ein «fordeler» oppdrag mellom stasjonar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Tilfeldig fordeling på tilgjengelege ambulansar på stasjonen ○ Bruk dagambulanse om mogleg på dagtid ○ Oppdrag som startar når ein dagambulanse er ferdig med si aktive tid, skal handterast av andre 	Stian Sægrov

	ambulansar på stasjonen eller sekundærambulansar	
Områder der ein ikkje kan nytte snitt-tal grunna stor variasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ulik oppdragstid alt etter hastegrad på oppdraget. Sjå illustrasjon Figur 37: Variabel oppdragstid per hastegrad (data frå 2015-2018). Kjelde: Bliksund • Det er ulik oppdragstid for oppdrag som startar kl. 8 om morgonen for nokre stasjonar. Sjå illustrert ved Førde og Eid i Figur 38: Variabel oppdragstid per time på døgn for nokre ambulansestasjonar (data frå 2015-2018). Kjelde: Bliksund 	Arbeids-gruppe modell
Variable kostnader	Er uttrykt ved «utrykkings-tillegg» for tilsette i den prehospitala tenesta. Summen er utrekna av Controller i samarbeid med deltakarar frå arbeidsgruppa modell og er sett til 155 NOK / time / tilsett.	Controller, arbeids-gruppe modell
Oppdrag med mangelfull historikk	Dersom det i framtida skulle oppstå oppdrag ein per i dag ikkje har informasjon om i form av responstid og oppdragstid, har vi estimert dette på bakgrunn av køyretid til dei aktuelle lokasjonane	Arbeids-gruppe modell
Utvikling av hastegrader	Analysar av historisk utvikling av hastegrader er gjennomført, og basert på dette er framtidig utvikling av hastegrader estimert. Dette er illustrert i Figur 39: Historisk utvikling av hastegrader (data frå 2000-2018). Kjelde: AMIS	Arbeids-gruppe modell
Utvikling av sjukdomsbilete	Sjølv om det med stort sannsyn vil førekome endringar i sjukdomsbiletet frå 2018 til 2040 er ikkje dette teke omsyn til i modellen, ettersom ein veit for lite om kva dette konkret vil innebære.	Arbeids-gruppe modell

7. Steg 3: Simulering


I dette steget brukast informasjon frå steg 1: omfang på simuleringmodell og steg 2: datainnsamling og analyse til å fysisk bygge algoritmar og logikk i ein simuleringmodell. Metodikken dette bygger på heiter systemdynamikk, og verktøyet som nyttast er ein simuleringprogramvare (i dette tilfellet Powersim ©).

I modellen brukast programmering til å definere variablar og samanhengar som samla sett gjenskaper utfordringa(ne) ein vurderer. Skjermbiletet til venstre nedanfor viser korleis den «logiske» delen av modellen ser ut, og til høgre er eit døme på korleis ein variabel er definert.



Figur 7: Illustrasjon på den "logiske" delen av ein simuleringsmodell

Den logikken som illustrerast ovanfor kan enklare visast gjennom eit grensesnitt, der ein kan følgje med på korleis nosituasjonen ser ut (sjå døme nedanfor) eller korleis ulike måleparameterer utviklar seg over tid. I grensesnittet vil ein sjå at tal og trafikkllys kontinuerleg endrar seg. Dette er fordi den underliggende logikken i modellen endrar seg i takt med tida som går framover, og ulike situasjonar vil oppstå.



Figur 8: Døme på grensesnitt der ein kan følgje med på no-situasjonen og korleis ulike måleparameter utviklar seg over tid

7.1 Resultat / verifisering av modell

Dette gjerast som ein kontinuerleg prosess i modelleringa. Det vil seie at ein bygger modellen bit for bit, og heile tida testar om den logikken som leggst inn representerer verkelegheita på ein god måte. Det er naudsynt å forenkle verkelegheita der det er mogleg, for å sikre at det ikkje medgår tid på detaljar som ikkje gjev verdi for det totale arbeidet. Samtidig er det også naudsynt å inkludere tilstrekkeleg med detaljar på områder / variablar der ein har stor grad av variasjon eller mange variablar som potensielt kan påverke utfallet samtidig. Verifisering av modell opp mot historikk er eit viktig verkty i modelleringa; -både for å bistå i kvar ein kan forenkle, samt å sikre at ein har skjønnt korleis dynamikken fungerer basert på at modellen produserer eit resultat som liknar på det ein har sett historisk.

KPI / Måltal	Resultat
Oppdragsvolum per år	
Responstid per kommune	
Pasienttid per kommune	

Figur 9: Døme på korleis modellen gjenspeiler verkelegheita ved for eksempel oppdragsvolum, responstid og pasienttid

8. Steg 4: Scenarier som illustrerer konsekvens av endringar i organisering og kapasitet

I dette kapitlet beskrivast scenaria, inklusive nullalternativet, herunder: premisser for kvart scenario, resultat og vurderingar av desse resultata.

Samanlikning mellom dagens driftsmodell og mogleg framtidig situasjon er definert gjennom scenario i tabellen.

Scenario	Kort beskriving
Nullalternativet	Dagens organisering, kapasitet / bemanning, kompetanse, oppdragsmengde og infrastruktur
Framtidig situasjon	Estimert folkesetnad, alderssamansetning og oppdragsbelastning i 2040 basert på framskrivingar frå SSB og egne driftsdata
Kompenserande tiltak	<ul style="list-style-type: none"> a) Kvit bil b) Flytte dagbil frå Skei til Førde c) Flytte dagbil i Luster til Sogndal d) Auke dagbil i Lærdal frå 5-7 dagar
Redusert kapasitetstilgang	<ul style="list-style-type: none"> a) Døgnbil i Ytre Bremanger erstatta med einmannsbetjent ambulanseressurs. b) Døgnbil i Lavik c) Døgnbil i Lavik med flåtestyring av dagbil til Leirvik d) Dagbil i Luster* e) Dagbil i Høyanger* f) Dagbil i Vågsøy* g) Døgnbil i Selje*
Aktivitetstilpassa beredskap	<ul style="list-style-type: none"> a) Aktiv vakt natt Førde * b) Aktiv vakt natt Sogndal (+etappeturar frå Årdal, Lærdal og Luster)* c) Aktiv vakt natt Flora*


*(Desse scenaria vart ikkje detaljert vidare etter gjennomgang i prosjektgruppa.)

8.1 Nullalternativet(scenario 1): Framtidig situasjon utan endring i kapasitet


Nullalternativet representerer bilambulansenesta sitt verke i dag, og denne er nytta til testing av framtidsscenarier.

I scenario 1 er det gjort ein framskriving på nullalternativet (estimert oppdragsmengde) i 2040. Dette er basert på SSB si framskriving av folkemengd og alderssamansetning, samt tal frå AMIS, som har vorte nytta til å framskrive oppdrag per alderskategori fram til 2040.

Figuren nedanfor viser at gjennomsnittleg alder for ein ambulansesepasient i Sogn og Fjordane i 2018 er 64 år, og at det er denne aldersgruppa som er blant dei største brukarane av ambulansetenesta.




Figur 10: Aldersfordelinga til ambulansesepasientane i Sogn og Fjordane i 2018 (Kjelde: AMIS)




Grafen til venstre viser korleis «eldrebølga» vil slå inn i Sogn og Fjordane i åra mellom 2018 og 2040. Det vil vere ulikt korleis dette «slår inn» per kommune (sjå figur 11 nedanfor).

Utviklinga i folkesetnad er premisgjevande for oppdragsvolumet til ambulansetenesta, og ein ha ein plan som tek høgde for denne utviklinga.

Figur 11: Endring i alder frå 2018 til 2040 per alderskategori



Figur 12: Endring i oppdrag frå 2018 til 2040 per alderskategori (kjelde: AMIS og SSB)



Figur 13: Aldersfordelinga til ambulansesepasientane i Sogn og Fjordane i 2018 til venstre og estimert aldersfordeling i 2040 til høgre (kjelde: AMIS)

Hovudfunna som er presentert ovanfor er viktige premisssgevarar inn i modellen, og såleis også for korleis resultatata av simuleringane fram mot 2040 ser ut.

8.2 Framskriving av folketal og oppdragsvolum frå 2018 til 2040


Gitt estimert framtidig folkevekst og oppdragsmengde, vil ein frå 2018 til 2040 sjå endringar på t.d. responstid, oppdragsvolum, belasta tid / oppdragstid og samtidskonfliktar (merk at det fins fleire detaljar og måltal, men det er berre dei viktigaste som er omtala i denne rapporten). Eitt av dei aller viktigaste måltala i den prehospitala tenesta er responstid. Denne målast som:

- 90 percentilen
- snitt-tid

for fylket samla sett i simuleringsmodellen.

90 percentilen for fylket samla sett er 34 minutt i 2018. Simuleringa viser at dette er redusert til 32 minutt i 2040. Denne reduksjonen skuldast «urbanisering» i fylket samla sett fram mot 2040 og auka oppdragsmengde i sentrale strøk der responstida er lågare.

Snitt responstid er rett i underkant av 20 minutt i 2018 og om lag 21 minutt i 2040. Dette tilsvarar ein auke på 4% i perioden på 22 år.




Figur 14: Resultat av nullalternativet: responstid

Vidare, er det også auke i:

- Oppdragsvolum: om lag 6 500 (42%)
- Belasta tid i den prehospitala tenesta: om lag 15 000 timar årleg (34%)
- Samtidskonfliktar: om lag 70 årleg (850%)

Årsaka til at det ikkje er tilsvarende auke i oppdragsvolum og belasta tid, er at mykje av folkeveksten i Sogn og Fjordane vil førekome i meir «urbane strøk» fram mot 2040, og dette gjev seg utslag i kortare respons- og belasta tid for ambulansetenesta.



Figur 15: Resultat av nullalternativet: framskriven folke- og oppdragsmengde frå 2018 til 2040

8.3 Tiltrådd modell

Prosjektgruppe har innanfor den økonomiske ramma utarbeida tilrådd modell med følgjande innhald:

- 1) Aukar dagbil Lærdal frå 5-7 dagar i veka.
- 2) Flyttar dagbil Luster til Sogndal
- 3) Flyttar dagbil Skei til Førde
- 4) Erstattar døgnambulanse ytre Bremanger med einmannsbetjent ambulanseressurs
- 5) Tek vekk døgnambulanse i Lavik.

Gruppa har vald å simulere på denne modellen kalt modell 6. I tillegg gjer ein simulering på modell 6 der ein legg til flåtestyring av ein dagbil frå Dale til Leirvik, kalt modell 7.



Kva er inkludert i dei to scenaria?

Modell utan døgnbil i Lavik – Scenario 6

	Kvite bilar
	Dagbil frå Skei til Førde
	Erstatta bil i Ytre Bremanger med Einmannsbetjent ambulanseressurs
	Flytte dagbil Luster til Sogndal.
	Ingen døgnbil i Lavik

Modell utan døgnbil i Lavik, flåtestyrt dagbil til Leirvik- Scenario 7

	Kvite bilar
	Dagbil frå Skei til Førde
	Erstatta bil i Ytre Bremanger med Einmannsbetjent ambulanseressurs
	Flytte dagbil Luster til Sogndal.
	Ingen døgnbil i Lavik, men dagsatelitt i Leirvik

8.3.1 Kompenserande tiltak

Med kompenserande tiltak meiner vi tiltak som ein iverksett for å redusere negative endringar som ligg i framskrivinga av framtidig videreføring av dagens modell og foreslåtte nedtak av kapasitet i framtidig struktur.

- Kvit bil
- Flytte dagbil i Førde frå Skei til Førde
- Flytte dagbil i Luster til Sogndal
- Auke dagbil i Lærdal frå 5-7 dagar

Kvit bil

Rasjonale	<p>Dette er eit supplement til bilambulansenesta for pasientar / oppdrag som har behov for transport med lågare omsorgsnivå enn ein ambulanse. Dette vert særskilt viktig i framtida då ein ikkje har tilstrekkeleg ambulanseressursar til å handtere eit aukande volum av pasientar.</p>
Metodikk	<p>Potensielt pasientvolum for denne løysinga vart gjennomført ved å analysere medisinsk indeks og plukke ut dei kategoriane som ville vere eigna for denne transportløysinga. Desse kriteria var følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • V.05.04 Sekundæroppdrag: tilbakeføring til lågare omsorgsnivå. Tilstand som ikkje haster. • V.05.05 Sekundæroppdrag: Transport frå sjukehus til heim / sjukeheim. • V.05.08 Anna oppdrag. Ingen hast og til avtalt tid. • V.05.11 Pasienttransport i retur frå legevakt • V.06.02 Antatt grønt kriterium. Fleire opplysingar kan ikkje skaffast (gamal versjon). Transport til lege /legevakt (ny versjon) • V.06.03 Antatt grønt kriterium. Manglar anna passende kriterium (gamal versjon) /Transport til høgare omsorgsnivå (ny versjon). • V.06.04 Tilbakeføring til lågare omsorgsnivå (ny) • V.06.05 Transport frå sjukehus / legevakt / sjukeheim til heim/sjukeheim. <p>Desse kriteria vart så sjekka opp mot eksisterande aktivitetstal frå Bliksund og justert for lokasjon, tid på døgn og tid i veke for å identifisere det volumet som ville vere realistisk. Figuren under viser at dette er i overkant av 900 oppdrag årleg, samt til kva lokasjon ut frå FSS desse ville hatt i 2018.</p>
Andre utvalskriterier	Transport i vekedagar mellom 8 og 16

Figur 16: Potensielt volum for kvite bilar ut frå FSS (2018-tal, kjelde: Bliksund)

Oppsummering kvit bil i Førde (2018-tal)

Ein kvit bil i Førde reduserer belastninga i Førde med 1,5-2 oppdrag dagleg i vekedagane


SUM ÅRLEG:

Potensial er på 944 oppdrag (derav 560 til lokalsjukehusområdet i Sunnfjord) i 2018

Faktisk simulert volum: 465 oppdrag (scenario 6), 455 oppdrag (scenario 7)

Årsaka til at berre halvparten av potensialet nyttar kvit bil er at mange av oppdraga førekjem samtidig, og løysinga er ikkje er sett opp slik at fleire pasientar kan samkøyre. Det kan tenkast at dette er mogleg, og utnyttinga av ein kvit bil såleis kan auke.

**Merknad: volumet er justert for heig og natt*



Oppsummering kvit bil i Førde (2040-tal)

Ein kvit bil i Førde reduserer belastninga i Førde med om lag 3 oppdrag dagleg i vekedagane


SUM ÅRLEG:

Potensial er på 1330 oppdrag (derav 827 til lokalsjukehusområdet i Sunnfjord) i 2040

Faktisk simulert volum: 771 oppdrag (scenario 6), 761 oppdrag (scenario 7)


Årsaka til at berre halvparten av potensialet nyttar kvit bil er at mange av oppdraga førekjem samtidig, og løysinga er ikkje er sett opp slik at fleire pasientar kan samkøyre. Det kan tenkast at dette er mogleg, og utnyttinga av ein kvit bil såleis kan auke.

**Merknad: volumet er justert for heig og natt*




Ein kvit bil i Førde kan redusere belastninga i Førde med om lag 3 oppdrag dagleg i vekedagane i 2040. Dette gjeld både i scenario 6 og 7

I scenario 6 aukar oppdrag løyst av den kvite bilen i Førde med 66 % i perioden 2018 til 2040. (frå 465 oppdrag til 771 oppdrag). Tilsvarande for scenario 7 er 455 oppdrag til 761 oppdrag (auke på 67%)



Samla belastning per klokke i 2018 viser at fylket samla får ein reduksjon i samla belastning ved å innføre endringane i scenario 6&7 samanlikna med nullalternativet. Dette skuldast blant anna innføring av kvit bil i Førde



I modellen tek kvite bilar unna om lag 500 oppdrag i året dersom ein legg til grunn ein kvit bil i Førde som opererer i tidsrommet 8 til 16 i vekedagar. Dette er om lag 55% av det potensielle volumet på 944 oppdrag. Årsaka til at ikkje heile volumet vert handtert av ein kvit bil i modellen, er at det ikkje er lagt inn noko føresetnader om deling av bil. Dersom ein derimot tenker at denne løysinga skal ta fleire pasientar på ein tur, vil resultatet av denne løysinga sjå annleis ut.

Vidare, vil ein kvit bil vere fordelaktig for følgande:

- **Oppdragstid / belasta tid:** potensiell innsparing på i underkant av 1000 timar årleg i 2018 (og over 2000 timar årleg i 2040)
- **Samtidskonfliktar:** reduksjon på om lag 20 årleg

Kostnadane, vil på den andre sida, auke med 1,6 MNOK årleg samanlikna med nullalternativet.

Flytte dagbil frå Skei til Førde

Rasjonale	I dag er dagambulans-bilen i Førde stasjonert ved stasjonen på Skei i vekedagar mellom 8 og 1730. Det vurderast om det er betre å flytte denne til Førde, der oppdragsvolumet vil auke meir enn i området ved Skei. I tillegg er det mange ambulansar som køyrer forbi området denne bilen har vore stasjonert i, så ein antek det ikkje vil ha stor konsekvens for beredskapen i området.
Metodikk	<ul style="list-style-type: none"> • Analysere talet på oppdrag som er handtert ut frå stasjonen på Skei • Vurdere kva oppdrag som får ein konsekvens i form av auka responstid dersom ein flyttar denne ambulansen • Rekne ut «påslag» på historisk reponstid og justere for dette i simuleringmodellen • Rekne ut ny responstid for alle øvrige oppdrag (basert på døgnbilane i Førde, justert for oppdragsvolum)




Ved å flytte dagbil frå Skei til Førde, vil det årleg (2018-volum) vere 5 akuttoppdrag i Gloppen (Byrkjelo) og 37 oppdrag i Skei som får auka uttrykkingstid



Figur 17: Endringar som er lagt til grunn i Flytte dagbil frå Skei til Førde

Responstid i Førde, Gaular, Naustdal, Jølster og Gloppen aukar dersom ein flyttar dagbil frå Skei til Førde


Responstid aukar med 0,8 minutt - frå 14,8 minutt til 15,6 minutt om ein ser på Førde, Gaular, Gloppen, Jølster og Naustdal samla. Auken skuldast påslag i Gloppen og Jølster.



Samtidskonfliktar i Førde går ned dersom ein flyttar dagbil frå Skei til Førde

I nullalternativet har Førde 60 samtidskonfliktar frå 2018 til 2040, medan dette er redusert til 52 når ein har teke dagbilen frå Skei til Førde.


Ein ser tendensane til at samtidskonfliktar har ein aukande vekst i slutten av perioden. Det tyder på at tiltaket er viktigare for kvart år som går fram mot 2040



Utnyttingsgraden på Førde 2 er lik både dersom bilen står på Skei og dersom bilen er i Førde (51%, 2018-tal). Imidlertid går utnyttingsgraden ned i 2040, noko som skuldast at den kvite bilen tek ein del oppdrag i Førde

Utnyttingsgraden på Førde 2 er lik (51%) i nullalternativet og dersom ein flyttar dagbilen frå Skei til Førde (2018). I 2040 reduserast utnyttingsgraden frå 89% til 85%.

Årleg timebelastning på Førde reduserast med 33 (frå 2444t til 2411t) dersom ein flyttar dagbilen frå Skei til Førde. I 2040 er reduksjonen på 176 timar (frå 4218t til 4042t)



Flytte dagbil Luster til Sogndal

Redusert kapasitet i Luster medfører eit påslag på 14,6 minutt for 8 akuttoppdrag årleg

Oppdragstype		(Multiple Items)																			
Rykkar ut år	2018																				
Rykkar ut time	(All)																				
Leveringsstad - Område	(All)																				
Hastegrad	Akutt																				
Hendelsested / Abruutt - Område	Luster																				
Hendelsestad / Abruutt - Sted		Gausne omsorgssenter		Halslo		Jostedal		Luster		Luster Legeskontor		Skjolden		Solvorn		SAMLA	SNITT				
Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid	Oppdrag	Resp.tid		
731 Luster	1 12,00	1		1	6,00	2	17,00	1	28,00	2	25,50							8	19,00		
733 Sogndal	1 23,00					4	23,50	5	42,50	1	65,00	1	28,00					13	34,95		
734 Sogndal			1	34,00		2	20,00	1	58,00			1	32,00			1	27,00	7	31,83		
Grand Total	2 17,50	2	34,00	1	6,00	8	21,57	7	42,67	3	38,67	2	28,00	1	32,00	1	27,00	28	29,78		


Påslag responstid for 8 akuttoppdrag årleg (2018-tal) = ((34,55 x 65%)+ (31,83 x 35%))= 33,66 min-19 min = **14,6 minutt**

Samla responstid for Sogndal, Luster og Leikanger viser at å flytte dagbil frå Luster til Sogndal har ein positiv effekt

2018: Dagbil i Sogndal medfører ei samla forbetra responstid for Sogndal, Luster og Leikanger på 0,5 minutt, dvs 3,2 % betring.

2040: Dagbil i Sogndal medfører ei samla forbetra responstid for Sogndal, Luster og Leikanger på 0,57 minutt, dvs 3,5% betring samanlikna med nullalternativet

SAMLA RESPONSTID I SOGNDAL, LUSTER OG LEIKANGER





2018
2040

Utnyttingsgraden på døgnbilen i Luster aukar frå 16 til 35% dersom ein tek bort dagbilen (2018-tal)

Utnyttingsgraden på døgnbilen i Luster aukar frå 16% i nullalternativet til 35% dersom ein tek bort bilen i dagbilen (2018). I 2040 aukar utnyttingsgraden frå 35% til 48%.

Årleg timebelastning på Luster-ambulansen aukar med 628 (frå 1155 til 1683t) dersom ein flyttar dagbilen til Sogndal. I 2040 er auken på 615 timar (frå 1649 til 2264)




Auke dagbil Lærdal frå 5-7 dagar

Korte bilar Dagbil frå Skei til Førde Redusert kapasitet i Ytre Bremanger Redusert kapasitet i Luster, dagbil i Sogndal Redusert kapasitet i Lævik Satelitt i Lærvik **Dagbil i Lærdal helg** HELSE FØRDE

Samla responstid for Årdal, Lærdal og Aurland viser at å auke kapasitet med dagbil i helg i Lærdal har ein positiv effekt. Størst er denne i 2040


2018: Dagbil i Lærdal i helg medfører ei samla forbetra responstid for Årdal, Lærdal og Aurland på 0,7 minutt, dvs 4 % betring. 2040: Dette medfører betring i responstid på 1 minutt (5 % betring) samanlikna med nullalternativet

2018: Dagbil i Lærdal i helg medfører ei samla forbetra responstid for Årdal, Lærdal og Aurland i helg på 1 minutt, dvs 5 % betring. 2040: Dette medfører betring i responstid på helg på 1,1 minutt (6%) samanlikna med med nullalternativet



Korte bilar Dagbil frå Skei til Førde Redusert kapasitet i Ytre Bremanger Redusert kapasitet i Luster, dagbil i Sogndal Redusert kapasitet i Lævik Satelitt i Lærvik **Dagbil i Lærdal helg** HELSE FØRDE

Samtidskonfliktar i Lærdal går ned når ein aukar kapasitet med dagbil i helg. I 2040 dreiar det seg om ein halvering av talet på samtidskonfliktar. Dette viser at tiltaket er viktigare når oppdragsvolumet aukar



8.3.2 Redusert kapasitetstilgang

Med redusert kapasitetstilgang meiner vi tiltak som tek vekk ressursar i dagens struktur.

Desse er:


- Erstatte døgnbil i Ytre Bremanger med einmannsbetjent ambulanseressurs
- Døgnbil i Lavik
- Døgnbil i Lavik med flåtestyring av dagbil til Leirvik
- Dagbil i Luster
- Dagbil i Høyanger
- Dagbil i Vågsøy
- Døgnbil i Selje

Redusert kapasitet ved å ta bort døgnbil i Ytre Bremanger

Rasjonale	I dag er det relativt liten belastning på dei to ambulansane i Ytre Bremanger og Svelgen samla sett, og det vurderast om oppdragsvolumet kan handterast av ein bil. Ein vil da supplere med einmannsbetjent ambulanseressurs i samarbeid med kommunal ressurs som rykker ut saman med ambulansarbeidaren.
Metodikk	<ul style="list-style-type: none"> • Analysere talet på oppdrag som er handtert ut frå stasjonen i Ytre Bremanger • Responstida vil vere uforandra i ny modell • Berekne tal oppdrag som må løysast av Svelgen bilen. • Berekne utnyttingsgrad på Svelgen ambulansen

Ved å innføre einmannsbetjent ambulanseressurs i Ytre Bremanger vil ikke responstida auke frå i dag(20 minuttar) Svelgen ambulansen må rykke ut for å frakte pasienten i 76% av tilfellene.

Oppdrag som ikkje krev pasienttransport i Ytre Bremanger			
Oppdragstypar	Akutt	Haster	Vanlig
Hjem-ut-/innkjøring		9,00	34,00
Ingen pasient/ Avbrutt	6,00	5,00	4,00
Ordinært ambulansoppdrag	47,00	106,00	26,00
Pasienttilsettuten behov for transport	11,00	35,00	3,00
	64,00	155,00	67,00
Samla har ambulansen i Ytre Bremanger 286 oppdrag i Bremanger per år			
	95% akutte = 61	70% haster = 109	70% vanlig = 47
Samla er det estimert at ambulansen i Svelgen må rykke ut til 216 oppdrag i Bremanger per år (76% av oppdraga)			




Samla responstid i Flora og Bremanger blir betre ved innføring av einmannsbetjent ambulanseressurs

2018: Einmannsbetjent ambulanseressurs i Ytre medfører ingen endring i responstid for Flora og Bremanger samla når ein ser på scenario 6 samanlikna med nullalternativet.

2040: Einmannsbetjent ambulanseressurs i Ytre medfører ei samla forbetra responstid for Flora og Bremanger på 1,2 minutt (7 % betring) i samanlikna med nullalternativet. Dett

Merk at denne betringa føreset lik / betre responstid på akuttoppdrag i Ytre Bremanger. Merk også at folketalet ikkje vil auke særleg i Flora i perioden 2018-2040(4%) og Bremanger vil ha ein reduksjon på over 10%. Dette medfører betre responstid i 2040 ved scenario 6 samanlikna med nullalternativet.





2018
2040

Utnyttingsgraden på Svelgen-ambulansen aukar frå 26 til 37 % dersom ein tek bort bilen i Ytre Bremanger (2018-tal)

Utnyttingsgraden på Svelgen-ambulansen aukar frå 26 % i nullalternativet til 37 % dersom ein tek bort bilen i Ytre Bremanger (2018). I 2040 aukar utnyttingsgraden frå 29% til 41%.

Årleg timebelastning på Svelgen-ambulansen aukar med 527 (frå 1244t til 1771) dersom ein tek bort bilen i Ytre Bremanger. I 2040 er auken på 599 timar (frå 1356 til 1955t)



Redusert kapasitet ved å ta bort døgnbil i Lavik


Redusert kapasitet ved å ta bort døgnbil i Lavik med dagbil flåtestyrt til Leirvik(Scenario 7)

Korte bilor Dagbil frå Skei til Førde Redusert kapasitet i Ytre Bremanger Redusert kapasitet i Luster, dagbil i Sognidal Redusert kapasitet i Lavik **Satellitt i Leirvik** Dagbil i Lerdal heig



Satellitt til Leirvik medfører ein reduksjon i responstid på om lag 20 minutt for oppdrag der ein historisk har rykt ut frå Fjaler og Lavik

Stasjon	Hyllestad		Hyllestad omsorgsenter		Leirvik		Skiiforden		Sikor		Serbavåg		Overås		Årfjordalen		Tal	Tid
	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid	Tal	Tid		
Fjaler	3	47,00	3	44,00	1	48,00	1	54,00	2	26,00	2	47,50					12	43,08
Lavik	7	27,57	6	36,67	12	22,17	2	38,00			8	35,88	2	29,00	4	24,00	41	28,95
Grand Total	10	33,40	9	39,11	13	25,77	3	46,00	2	26,00	10	38,20	2	29,00	4	24,00	53	32,27
Reduksjon i tid for oppdrag som tiddeleggare vart løyst av Fjaler (-22 min)	3	25	3	22	1	21	1	32	2	4	2	26		22		22	12	21,08
Reduksjon i tid for oppdrag som tiddeleggare vart løyst av Lavik (-20 min)	7	8	6	17	12	2	2	18			8	16	2	9	4	4	41	8,9



Reduksjon i responstid for 12 akuttoppdrag årleg frå Fjaler (2018-tal) = -22 minutt
Reduksjon i responstid for 41 akuttoppdrag årleg frå Lavik (2018-tal) = -20 minutt


Korte bilor Dagbil frå Skei til Førde Redusert kapasitet i Ytre Bremanger Redusert kapasitet i Luster, dagbil i Sognidal Redusert kapasitet i Lavik **Satellitt i Leirvik** Dagbil i Lerdal heig



Å ta vekk døgnbilen i Lavik medfører auka responstid. Satellitt i Leirvik(scenario 7) er ei betre løysing


2018: Responstid i Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger aukar med 3,06 minutt (14,6%) frå 21,1 minutt til 24,2 minutt dersom ein reduserer kapasitet i Lavik.

Ved satellitt i Leirvik vil imidlertid ikkje auken vere så stor; her er auken på 2,6 minutt (12,3%) frå 21,1 minutt til 23,7 minutt



Redusert kapasitet ved å ta bort dagbil i Luster

Rasjonale	I dag er det relativt liten belastning på dagbilen i Luster, og den nyttast i større grad til flåtestyring enn til å rykke ut til oppdrag innan sitt ambulanseområde
Metodikk	<ul style="list-style-type: none"> • Analysere talet på oppdrag som er handtert ut frå stasjonen i Luster • Vurdere kva oppdrag som får ein konsekvens i form av auka responstid dersom ein tek bort denne ambulansen • Rekne ut «påslag» på historisk responstid og justere for dette i simuleringsmodellen




Figur 18: Endring som er vurdert: Ta vekk dagbil i Luster

- I 2040 vil døgnbilen i Luster ha ei årleg auka **belastning** på om lag 600 timar (36%) dersom ein tek bort dagbilen
- Samla **responstid** er om lag den same i dette scenariet som nullalternativet når ein ser på alle år samla under eitt. Dette er også tilfelle når ein ser på kvart år isolert sett.
 - 2018: 19,9 minutt (19,9 minutt i nullalternativet)
 - 2040: 20,6 minutt (20,7 minutt i nullalternativet)
- **Samtidskonfliktar** er om lag det same som i nullalternativet (marginalt høgare i 2040)
- Det er ein **dobling** i bruk av **sekundærstasjon** i dette scenariet:
 - 2018: 4 (2 i nullalternativet)
 - 2040: 10(4 i nullalternativet)
- **Kostnadane** er lågare enn nullalternativet (-1,5-1,6 MNOK)

Redusert kapasitet ved å ta bort dagbil i Høyanger

Rasjonale	I dag er det relativt liten belastning på dei to bilane i Høyanger samla sett. Vidare, er det planlagt ein satellitt i legevaktspiloten her, og ein må kunne anta at det vil redusere oppdragsvolumet til ambulansetenesta.
Metodikk	<ul style="list-style-type: none"> Analyserer talet på oppdrag som er handtert ut frå stasjonen i Høyanger Vurdere kva oppdrag som får ein konsekvens i form av auka responstid dersom ein tek bort denne ambulansen Rekne ut «påslag» på historisk reponstid og justere for dette i simuleringsmodellen




Figur 19: Endringar som er vurdert: Ta vekk dagbil i Høyanger

